
Fra: Fardal, Karstein <fmsfkfa@fylkesmannen.no>
Sendt: onsdag 16. oktober 2019 22:42
Til: *FMVL Postmottak til alle kommunane 2019
Emne: SV: GSI-innsamling skuleåret 2019-20

Til skulefagleg ansvarleg i kommunen.

SKULEEIGARANE SIN FRIST FOR LEVERING AV DEN ÅRLEGE GSI-INNSAMLINGA NÆRMAR SEG

Fylkesmannen minner skuleeigarane om fristen **24. oktober** for ferdigstilling av GSI. Fleire kommunar har allereie sendt tala sine vidare i systemet.

Sjølv om skulane hadde frist **11. oktober**, ser vi at det framleis er skular som enno ikkje har begynt med registreringa. Her må skuleeigar kvalitetssikra rapporteringsprosessen internt i kommunen.

Til no har innsamlinga gått greitt, men vi ser av «advarslane» som kjem fram ved køying av kontroll, at fleire skular får merknad knytt til lærarnorma og dei nye tala som gjeld. Ber skuleeigar vere spesielt merksam på desse og gi gode merknader før utkvittering.

Med venleg helsing

Karstein Fardal
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 57 64 31 16

E-post: fmsfkfa@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl